



Frivillige tiltak i landbruket - Haugalandet

Prosjektplan 2023



Foto: inatur.no

Bakgrunn

Prosjektet vart starta i 2019 inspirert av tilsvarende prosjekt på Jæren. Vindafjord kommune hadde arbeidsgjevaransvaret for prosjektleiar fram til slutten av 2021. 01. februar 2022 starta ny prosjektleiar i jobben, då med Tysvær kommune som arbeidsgjevar. Då vart då skreve arbeidskontrakt i 60% stilling fram til august 2022, og deretter 100% stilling fram til 31.12.2023.

Prosjektplanen for 2023 baserer seg på tidlegare prosjekt- og arbeidsplanar.

Hovudmål

God økologisk tilstand i alle vassdrag, hindre forureining fra landbruket til vatn og å hindre uønska inngrep i vassdrag.

Delmål:

Redusert avrenning: Vurdere reinseparkar (nye og gamle) slamfangdammer, motivere for gjødselfrie randsone og (etablere) vegetasjonssone, drenering, auke avlingsnivå, auke lagringskapasitet for husdyrgjødsel og finne gode løysningar for utandørs lagring av husdyrgjødsel, (hest og fjørfe).

Rett bruk av næringsstoffer: Hindre overforbruk av fosfor og nitrogen og fremme balansegjødsling som prinsipp.

Tiltaksplanar: Bidra til gode og detaljerte tiltaksplanar for prioriterte vassdrag og oppfølging av godkjente planer.

Miljøavtalar: 50% oppslutning av jordbruksarealet som inngår i område med miljøavtale.

Miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel: 70% oppslutning kring miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel i vassdrag med prioriterte miljøbesøk av prosjektet.

Plansilo og rundballar: Bidra til å finne gode løysningar for oppsamling av siloshaft frå plansilo og rundballar. Oppmode alle bønder til å ikkje lagre siloballar i nærleiken av vassdrag.

Informere og følgje opp enkeltsaker: Vere støttespelarar ved oppfølging av tiltak for å betre vasskvalitet og klimaavtrykk.

Organisering

Prosjekteigarar:

Statsforvaltaren i Rogaland, Rogaland Fylkeskommune, Haugaland vannområde, Vindafjord kommune, Tysvær kommune, Karmøy kommune, Bokn kommune, Haugesund kommune

Arbeidsgjevaransvar: Tysvær kommune

Prosjektstyringsgruppe:

Leiar: Adelheid Eikje, Tysvær kommune

Nestleiar: Leiv Kåre Solberg, Karmøy kommune

Ole Johan Vierdal, Vindafjord kommune

Signe Theilmann Jenssen, Vindafjord kommune

Britt Johnsen Pedersen, Karmøy kommune

Sven-Kato Ege, Vannområdekordinator Haugalandet

Monica Dahlmo, Statsforvaltaren i Rogaland

Anneli Vatshaug Jenssen, Rogaland Fylkeskommune

Jakob Eskeland, Rogaland Bondelag

Stig Aril Helgesen, Norsk bonde og småbrukarlag

Bjørg Karin Dysjaland, NLR Rogaland

Lene Røkke Mathisen, Haugesund Kommune

Prosjektleiar Anders Eidhammer (100% stilling)

Arbeidsmetode

1. Arbeide tett opp mot kommunal forvalting for å ha nødvendig tyngde til å påverke den enkelte gardbrukar/grunneigar til å ta omsyn til miljøet.
2. Prosjektleiarane må bli oppfatta som medspelarar for bonden og landbruket. Fokus på å bygge ein positiv allianse med resten av samfunnet samstundes som det blir informert om gjeldande regelverk.
3. Samarbeid med kommunane vurdere dei enkelte vassdrag for å finne kvar det er behov for ekstra innsats. Deretter bør ein systematisk møte grunneigarane langs vassdraga og kartleggje og informere om eventuelle utslepps- og avrenningsproblematikk. Skal registrerast systematisk for å få ein best mogleg arbeidsmetode for å ta tak i problema.
4. Vere synlege i media, sosiale media og egne skriv for å marknadsføre prosjektet og skape fokus på vassmiljøet. Ein skal også gjere seg godt synleg via ulike bondelag, foreiningar, grunneigar- og bekkelag.

Arbeidsoppgåver for prosjektleiar:

- 1. Informere om og følgje opp frivillige tiltak etter vassforskrifta:** For å få god oppslutning kring frivillige tiltak, vil det vere nødvendig med betydeleg informasjonsarbeid retta mot landbrukssektoren. Prosjektleiarane skal ta kontakt med dei enkelte gardbrukarane og kommunane for å informere og formidle aktuelle støtteordningar og gjeldande regelverk.
- 2. Følgje opp tiltaksplanar:** Prosjektleiarane skal bistå i arbeidet med å utarbeide detaljerte tiltaksplanar i prioriterte nedbørfelt, og vere til hjelp for å sikre god involvering av bøndene.
- 3. Orientere om gjeldande regelverk for å unngå forureining frå landbruket:** Bruk av gjødsel i feil mengd og på feil tidspunkt utgjer ein fare for forureining. For å sikre god kjennskap og forståing for korleis uheldig jordbrukspraksis kan påverke vassdraga bør regelverket informerast om jamleg til gardbrukarar og andre involverte i jordbruket (entreprenørar, kommunalt ansatte, naboor etc.). Prosjektleiar skal informere om reglar i forskrift om organisk gjødsel som omtalar bruk og lagring av husdyrgjødsel og silopressaft. For å ha nødvendig integritet i dette informasjonsarbeidet, er det viktig med koplinga til kommunal forvalting. Reelle sanksjonar skal det informerast om. Kommunane skal saman med prosjektleiarane velje ut kva område/vassdrag som skal prioriterast for oppfølging.
- 4. Følgje opp punktutslepp i vassdrag:** Det skjer av og til uhell/utslepp med forureining som resultat. Det er viktig å stoppe utslepp utan unødig opphold. Prosjektleiarane kan i slike tilfelle oppsøkje bonden, og i samråd med bonden gjere det som må til for å få slutt på forureininga. Kommunen er forureiningsmyndigheit, og prosjektleiarane skal underrette kommunen om akutte utslepp. Oppmoda kommunane om å føre logg over ureining og gi prosjektleiarane tilgang til den. Det er også viktig at prosjektleiarane fører logg.
- 5. Orientere om økonomiske støtteordningar til miljøtiltak i landbruket i form av RMP og SMIL-midlar:** Regionalt miljøprogram (RMP) er ei ordning der bønder kan søkje om regionale miljøtilskot. Spesielle miljøtilskot i landbruket (SMIL) er ei ordning der bønder og grunneigarar kan få støtte til eingongs- føretak som omhandlar miljø, ureinings og hydrotekniske tiltak. For å få god oppslutting kring ordningane er det nødvendig med god informasjon. Her bør prosjektleiarane ha ei sentral rolle. Aktuelle ordningar gjer tilskot til:
 - Ugjødsla randsoner og vegetasjonssoner kring utvalde vassdrag.
 - Vedlikehald av reinseparkar
 - Fangvekstar
 - Miljøavtalar i utvalde vassdrag
 - Miljøvenleg spreiling av husdyrgjødsel
 - Reinseparkar og fangdammar
 - Fangvollar
 - Vegetasjonsrydding i kanal
 - Erosjonssikring av bekker
 - Opning av lukka bekkeløp
 - Restaurering av bekker og elver

- Prosjektleiarane skal ha fokus på å motivera bønder som ønskjer å skrive miljøavtalar i utvalde vassdrag.

7. Arbeide konkret for assistere gjennomføring av nødvendige investeringar/driftsomlegging for å redusere forureining: Prosjektleiar skal hjelpe og motivere bøndene med å skaffe informasjon, assistere i søknadsprosesser, kommunisere med offentleg forvaltning m.m. i samband med frivillige tiltak på eigen gard.

8. Husdyrgjødsel: Miljøvenleg spreiing av husdyrgjødsel syner seg å vere metodar som har effekt for å redusera avrenning til vassdrag. Saman med slangespreiing og nedfelling av gjødsel har desse også gode klimaeffekt. Prosjektleiarane skal informere og stimulere til meir miljøvenleg gjødsling. Prosjektleiarane skal bidra for å finna gode løysningar for «utandørslagring» av husdyrgjødsel og oppmoda til å ha god lagerkapasitet for husdyrgjødsela.

Andre oppgåver: Det kan i løpet av prosjektperioden dukke opp andre aktuelle oppgåver for prosjektet. Avklaring av om dette er aktuelle arbeidsoppgåver skjer i samråd mellom prosjektleiarane og styringsgruppa. Viktige vurderingar vil vere om dei nye oppgåvene styrker finansieringa av prosjektet, og er positivt for prosjektets omdømme. Eventuelle nye større oppgåver skal godkjennast av styringsgruppa før dei kan setjast i gong. FTIL- Haugalandet skal også i 2023 dyrke nært samarbeid med vassområdekoordinator for å oppretthalde godt fagleg fokus i prosjektet og for å dele på arbeidsoppgåver og støtte kvarandre i arbeidet.

Økonomi

Finansiering

Prosjektet var organisert som eit spleislag mellom Karmøy, Haugesund, Tysvær, Bokn og Vindafjord kommunar, Haugaland Vassområde, Rogaland Fylkeskommune og Statsforvaltaren i Rogaland (landbruksavdelinga). Den økonomiske fordelinga mellom kommunane baserer seg på kvar kommune sitt omsøkte areal for produksjonstilskot.

Tysvær kommune og Haugaland vannområde tildeler ikkje middel til prosjektet i 2023.

Det har blitt bedt om vidare finansiering frå prosjekteigarane ut 2023, og at det blir tatt høgde for finansiering av 2024 i budsjettplanane.

Budsjett 2023			
	Innskot	Utgifter pr.31.12.23	
Resterande middel pr. 31.12.22	185 000		
Middel frå Vindafjord	26 000		
Middel frå Karmøy	18 000		
Middel frå Bokn	4 000		
Middel frå Haugesund	3 000		
Omsøkt middel frå Statsforvaltaren i Rogaland 2023	13000		
Omsøkt middel frå Rogaland Fylkeskommune 2023	26000		
Middel utbetalt frå Statsforvaltaren i Rogaland for perioden 2021-2022	160 000		
Middel utbetalt frå Rogaland Fylkeskommune for perioden 2019-2022	266 255		
Lønn prosjektleiar i 100% stilling m. feriepengar		495 000	
Arbeidsgivaravgift, Pensjon, forsikring, telefon, driftsutgifter		170 000	
Reiseutgifter		27000	
Møteverksemد		9255	
Sum	701 255	701 255	
Resultat			0

Budsjett 2024

Budsjett 2024 blir også vedlagt prosjektplan 2023, då det er naudsynt å planlegge korleis prosjektet skal vidareførast i 2024.

	Innskot	Utgifter pr.31.12.24	
Resterande midler pr. 31.12.23	0		
Midler frå Vindafjord	279 720		
Midler frå Karmøy	181 300		
Midler frå Bokn	33 670		
Midler frå Haugesund	23 310		
Midler frå Rogaland Fylkeskommune	148 000		
Midler frå Statsforvaltaren i Rogaland	74 000		
Lønn prosjektleiar i 100% stilling m. feriepenger		520 000	
Arbeidsgivaravgift, Pensjon, forsikring, telefon, driftsutgifter		180 000	
Reiseutgifter		30000	
Møtevirksomhet		10000	
Sum	740 000	740 000	
Resultat			0